



# ERASMUS+ STUDENTCHARTER

*Dette charteret beskriver kva rettigheter og plikter du har, og kva du kan forvente av heime- og vertsorganisasjonane før, under og etter opphaldet som Erasmus+-student.*

- + **Institusjonar for høgare utdanning** som deltek i Erasmus+, pliktar å følgje prinsippa i Erasmus-charteret for høgare utdanning for å leggje til rette for, støtte og godkjenne utanlandsopphaldet.
- + **Du på di side** pliktar å respektere reglane og pliktene i Erasmus+-stipendavtalen som du har inngått med heimeinstitusjonen.
- + **Erasmus+ Student and Alumni Association (ESAA)** tilbyr deg ei rekkje tenester som støttar deg før, under og etter utanlandsopphaldet.



## I. Før mobilitetsperioden

- + Når du er blitt vald ut som Erasmus+-student, har du rett til å få rettleiing om partnerinstitusjonar eller bedrifter der du kan vere i mobilitetsperioden, og om aktivitetar som du kan gjennomføre der.
- + Du har rett til å få informasjon om **karaktersystemet** som vertsinstitusjonen bruker, og informasjon om korleis du **teiknar forsikring, finn bustad og skaffar deg visum** (om nødvendig). Du finn dei aktuelle kontaktpunkta og informasjonskjeldene i ein tverrinstitusjonell avtale som heime- og vertsinstitusjonen har inngått.
- + Du signerer ein **stipendavtale** (sjølv om du ikkje får økonomisk støtte i form av EU-midlar). Dersom du er teken opp ved ein institusjon for høgare utdanning som ligg i eit programland, inngår du stipendavtalen med heimeinstitusjonen. Dersom du er teken opp ved ein institusjon for høgare utdanning som ligg i eit partnerland, kan du inngå avtalen med heime- eller vertsinstitusjonen, avhengig av kva ordningar som er avtalte. I tillegg inngår du ein **opplæringsavtale** med heime- og vertsinstitusjonen/-bedrifta. For at mobilitetsopphaldet skal bli vellykka, og for å sikre at det blir godkjent, er det viktig med ein grundig utarbeidd opplæringsavtale. Avtalen gir ei detaljert beskriving av dei planlagde aktivitetane i vertslandet (inkludert planlagde studiepoeng som vil vere ein del av graden din heime).
- + Etter at du er blitt vald ut, tek du ein **elektronisk språktest** (så sant det finst ein slik test for det viktigaste undervisnings-/arbeidsspråket i vertslandet). Den vil gjere det mogleg for heimeinstitusjonen å tilby deg den mest formålstenlege språkstøtta, dersom det er nødvendig. Du bør ta imot denne støtta for å få språkferdigheitene opp på det nivået som vertsinstitusjonen tilrår.

## II. I mobilitetsperioden

- + Du bør **gjere deg nytte av alle læringsmoglegheitene som er tilgjengelege ved** vertsinstitusjonen/-bedrifta, og du må respektere reglane og føresegnene til institusjonen/bedrifta. Du bør dessutan ta sikte på å gjere så godt du kan på alle relevante eksamenar eller ved andre vurderingsformer.
- + Vertsinstitusjonen/-bedrifta har plikt til å behandle deg på same måten som dei behandlar sine eigne studentar/tilsette, og du bør **gjere ditt beste for å tilpasse deg det nye miljøet**.
- + Du kan bruke nettverket av rettleiarar og fadrar når slike finst ved vertsinstitusjonen/-bedrifta.
- + Vertsinstitusjonen vil ikkje krevje deg for **avgifter** for undervisning, immatrikulering, eksamenar eller tilgang til laboratorium og bibliotek i mobilitetsperioden. Du kan likevel, på same grunnlag som dei lokale studentane, måtte betale ei lita avgift for kostnader knytte til forsikring, studentforeiningar og bruk av studierelatert materiell eller utstyr.
- + Du får det same **stipendet eller studielånet** under utanlandsopphaldet som du får i heimlandet.
- + Du kan berre **be om endringar** i opplæringsavtalen under spesielle forhold og innan tidsfristen som heime- og vertsinstitusjonane har fastsett. Du må sjå til at desse endringane er godkjende av både heime- og vertsinstitusjonane/-bedriftene seinast to veker etter at førespurnaden er send inn, og du må ta vare på kopiar av godkjenninga. Alle førespurnader om å utvide mobilitetsperioden må sendast inn seinast ein måned før slutten av den opphavleg planlagde perioden.

### III. Etter mobilitetsperioden

- + I samsvar med opplæringsavtalen har du rett til å få **full akademisk godkjenning** frå heimeinstitusjonen for dei aktivitetane du på tilfredsstillande vis har gjennomført i mobilitetsperioden.
- + Dersom du studerer i utlandet, skal vertsinstitusjonen seinast fem veker etter at resultatane dine er offentleggjorde, sende deg og heimeinstitusjonen ei **karakterutskrift** som viser oppnådde studiepoeng og karakterar. Ved mottak av karakterutskrifta vil heimeinstitusjonen sende deg fullstendig informasjon om godkjenning av resultatane. Dersom du er teken opp ved ein institusjon for høgare utdanning som ligg i eit programland, kjem dei godkjende komponentane (t.d. kurs) fram på **tillegget til vitnemålet** (Diploma Supplement).
- + Dersom du gjennomfører eit praksisopphald,<sup>1</sup> gir bedrifta deg ein **praksisattest** (Traineeship Certificate) som inneheld ei oversikt over oppgåvene du har utført, og ei evaluering. Heimeinstitusjonen vil òg gi deg ei karakterutskrift dersom det inngår

<sup>1</sup> Ikkje tilgjengeleg mellom program- og partnerland før 2017.

i opplæringsavtalen. Dersom praksisopphaldet ikkje var ein del av pensum, men du er teken opp ved ein institusjon for høgare utdanning som ligg i eit programland, vil mobilitetsperioden komme fram på Diploma Supplement og – dersom du ønskjer det – i **Europass-mobilitetsdokumentet** (Europass Mobility Document). Dersom du i seinare tid har teke avsluttande eksamen ved eit universitet eller ein høgskule som ligg i eit programland, bør du be om Europass Mobility Document.

- + Du bør ta ein **elektronisk språktest** dersom det finst ein slik test for det viktigaste undervisnings-/arbeidsspråket i vertslandet, slik at du kan få eit bilete av den språklege framgangen du har hatt i mobilitetsperioden.
- + Du må fylle ut eit spørjeskjema for å gi **tilbakemeldingar om Erasmus+- mobilitetsperioden** til heime- og vertsinstitusjonen, dei relevante nasjonale byråa og Europakommisjonen.
- + Du bør **dele erfaringane frå mobilitetsopphaldet** med venner, medstudentar, tilsette ved institusjonen, journalistar osv., slik at andre kan dra nytte av dei.

### Dersom du støyter på problem:

- Du bør identifisere problemet og finne ut kva rettar og plikter du har etter stipendavtalen.
- Mange av dei som jobbar i heime- og vertsinstitusjonane, har til oppgåve å hjelpe Erasmus+-studentar. Avhengig av kva problem det er snakk om, og når det oppstår, vil kontaktpersonen eller den ansvarlege personen ved heime- eller vertsinstitusjonen (eller vertsbedrifta ved eit praksisopphald) kunne hjelpe deg. Namn og kontaktinformasjon for desse personane er oppgitt i opplæringsavtalen.
- Bruk dei formelle klageprosedyrane ved heimeinstitusjonen om nødvendig.
- Dersom heime- eller vertsinstitusjonen ikkje oppfyller pliktene som er fastsette i Erasmus-charteret for høgare utdanning eller i stipendavtalen, kan du kontakte det relevante nasjonale kontoret..

Finn ut meir:

[ec.europa.eu/erasmus-plus](https://ec.europa.eu/erasmus-plus)



ERASMUS+ STUDENT AND ALUMNI ASSOCIATION

[www.esaa-eu.org](http://www.esaa-eu.org)

Eller å ta del i debatten på sosiale medium:

 Erasmus+

 #ErasmusPlus

Kontakt:



Senter for internasjonalisering av utdanning

Postboks 1093, 5809 Bergen

Tlf: +47 55 30 38 00

Faks: +47 55 30 38 01

E-post: [siu@siu.no](mailto:siu@siu.no)

[www.siu.no](http://www.siu.no) / [www.studyinnorway.no](http://www.studyinnorway.no) /

[www.utdanningiverden.no](http://www.utdanningiverden.no)